

## PIPE OG ELDSTAD

Send søknaden til:

**Bremanger kommune**  
**Rådhuset**  
**Postboks 104**  
**6721 Svelgen**

### Kva slags arbeid i samband med piper og eldstader er unntatt søknadsplikt og kva må du søkje om?

Når du skal gjøre arbeid med piper og eldstader er det to ulike kategoriar som er aktuelle. Det kan vere at du:

1. Kan gjere arbeida utan å søkje (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkje og søknaden må sendast inn av føretak som tar på seg ansvar som ansvarleg søker, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter forskrift om byggesak (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må gjerast av føretak som tar på seg ansvar som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må gjerast av føretak som tar på seg ansvar for kontroll. Alle føretak som tar på seg ansvar må oppfylle krav til kvalitetssikring jf SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf SAK10 kapittel 11.

Her er to tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

<b>1. Ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningsloven (pbl) § 20-5 d) og e) og forskrift om byggesak (SAK10) § 4-1 d) pkt. 2 og 5:</b>	
Kva slags arbeid med pipe og eldstad gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Installasjon, endring og reparasjon av eldstad i eksisterande bygg innanfor ei brukseining eller branncelle.</b>  Døme på endring og reparasjon av eldstad: reinstallering<sup>*)</sup>, oppføring av brannmur, innmuring av pipestuss, frilufttilførsel, fundamentering av peis og øvrige arbeid som er nødvendig for å installere ein eldstad.  <sup>*)</sup> Med reinstallering meiner vi eldstad som blir tatt ut og plassert tilbake på same stad og i same røykløpsinnføring.</li> <li><b>Reparasjon av skorstein (skorstein = pipe), så framt at reparasjonen ikkje fører til at skorsteinen blir endra.</b>  (Døme på reparasjoner som fører til at skorsteinen blir endra slik at arbeida blir søknadspliktige, er montering av nytt røykrøy eller glidestøyp.)</li> <li><b>Frittliggjande utepeis som er plassert minst 4 meter frå nabogrense, og som ikkje er til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene.</b></li> </ul>	<p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal gjere) følgjer føresegne i <u>plan- og bygningsloven</u> med tilhøyrande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Tiltaket må heller ikkje vere i strid med andre regelverk. Du er sjølv ansvarleg for å gjere eventuelle nødvendige avklaringar med andre styresmakter som er nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u>.</p> <p>Etter forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) <u>§ 6</u> har du meldeplikt til det kommunale feiarvesenet når du har installert ny eldstad eller har gjort andre vesentlege endringar ved fyringsanlegget. Du er sjølv ansvarleg for å melde frå til feiarvesenet.</p>

#### ByggSøk

Dersom du skal gjøre arbeid på pipe eller eldstad som er søknadspliktig, tilrår vi at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning ([www.byggsoek.no](http://www.byggsoek.no)). Systemet er gratis og nettbasert, og du får



## PIPE OG ELDSTAD

rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du på same tid ein kvalitetskontroll av søknaden. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader som er sendt inn via ByggSøk.

### 2. Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak etter § 20-3 i plan- og bygningsloven:

Kva slags pipe- og eldstadsarbeid gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppføring av skorstein</li> <li>• Andre reparasjonar av skorstein enn dei som er omtala i tabell 1.</li> <li>• Installering, endring og reparasjon av eldstad som gjeld meir enn ei brukseining eller branncelle i eksisterande bygg.</li> </ul>	<p>Søknad om desse arbeida på pipe og eldstad må bli send inn av føretak som tar på seg ansvar som <u>ansvarleg søker</u>, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som <u>sjølvbyggjar</u> dersom arbeida er i eigen einebustad eller fritidsbustad. At du skal kunne bli godkjent som sjølvbyggjar, krev at du har nødvendig kompetanse sjølv, eller at du knyt til deg nokon med slik kunnskap.</p> <p>Etter forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) <u>§ 6</u> har du meldeplikt til det kommunale feiarvesenet når du har installert ny eldstad eller har gjort andre vesentlege endringar ved fyringsanlegget. Du er sjølv ansvarleg for å melde frå til feiarvesenet.</p>

#### Send inn søknaden i eitt eksemplar. Ifølgje SAK10 § 5-4 skal han innehalde:

<b>Søknadsblankett</b> inkludert erklæring om ansvarsrett for søker	nr. 5174* og 5175*, ev. 5184* og 5187*
<b>Kvittering for nabovarsel og Opplysningsgjeve i nabovarsel.</b> nr. 5155 og 5156	
Naboar og gjenbuuar skal bli varsle i tilfelle der arbeida kan få konsekvensar for dei. Dersom det blir søkt om dispensasjon, må det bli varsle særskilt om dette. Du kan ikkje sende søknaden til kommunen før frist for nabomerknader har gått ut. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhald og varslingsmåtar».	
<b>Eventuelle merknader frå naboar</b> , med forklaring på korleis desse eventuelt er tatt omsyn til.	
<b>Situasjonsplan.</b> Det er berre krav om dette for utvendige tiltak. Kartet må vere av nyare dato og du kan bestille det hos kommunen. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva krevst?»	
<b>Teikningar</b> som viser plasseringa av skorsteinen eller eldstaden på planteikninga samt utsjånad og utføring. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva krevst?»	
<b>Gjennomføringsplan</b> med oversyn over ansvarsområde delt inn i godkjenningssområde og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvane.	nr. 5185*
<b>Erklæring om ansvarsrett</b> for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande.	nr. 5181*, ev. 5184* og 5187*
<b>Eventuelle uttalar og avgjelder frå andre styresmakter</b> som nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u>	
<b>Eventuell søknad om dispensasjon</b> *. Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre føresegner, er det krav om grunngitt søknad etter § 19-1 i plan-og bygningsloven. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	

\* \* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

Dei firesifra nummera til høgre i tabellen viser til blankettnummere for bygesaksblanketten som du finn på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider.

#### Når kan du begynne arbeidet?

Om det du skal gjere ikkje er søknadspliktig, kan du begynne arbeidet med ein gong du har avklara at vilkåra for unntak frå søknadsplikt er oppfylt.

Om det du skal gjere er søknadspliktig kan du begynne arbeidet tre veker etter at kommunen har mottatt søknaden, dersom følgjande vilkår er oppfylte etter § 21-7 i plan-og bygningsloven:

- Søknaden er komplett, det vil seie at han inneheld all nødvendig informasjon
- Det du skal gjere er i samsvar med gitte føresegner eller i medhald av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand).
- Det er ikkje nødvendig med ytterlegare løyve, samtykke eller uttale frå annan styremakt etter SAK10 § 6-2.
- At det ikkje ligg føre merknader frå naboar.
- Kommunen ikkje har gitt deg melding om forlenga frist for sakshandsaminga etter SAK10 §7-3

Er ikkje desse vilkåra fylte, må du vente med å byggje til du har fått skriftleg løyve frå kommunen.



## PIPE OG ELDSTAD

Kommunen har då frist på 12 veker til å gi deg svar. Sjå pbl § 21-7.

**Når dei søknadspliktige arbeida er ferdig utført, skal du som tiltakshavar/ansvarleg søker be kommunen om ferdigattest.**